

ARSMELDING FOR JOSTEDAL SPEL OG DANSARLAG 1991.

På årsmøtet 16.febr. vart desse valde inn i styret:
Harald Hesjevoll (leiar), Lars Vigdal, Oddbjørg Ese,
Jarle Sperle og Kjellrun Elvekrok.
Lars har vore kasserar og Kjellrun skrivar.

Laget har i medlemsåret hatt 96 medlemmar.
Styret har hatt 4 styremøter.
JSD har vore representert på møter i Bygdalaget.

Div. arrangement.

21.des. arrangerte laget julebord på kafeen. Oppmøtet var flott og me fekk bra overskot til kassa. Elles og Spelemannslaget spela til dansen.

I august var ei gruppe dansarar, med Einar Ese som spelemann på Tørvis Hotell og opptredde for ei gruppe turistar. Felerekruttane var og med. Turistane var storforntøygde, særleg då dei vart bedne opp til dans.

17.mai var laget med å arrangert den tradisjonelle feiringa og i programmet hadde dei yngste dansarane springaroppvisning.

Laget var med på opninga av Sogndal Kulturhus 29.sept.med dansarar og spelemenn og fekk for sitt innslag mykje ros.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag la årsmøtet sitt for 1991 til Jostedalen. I samband med årsmøtet var det og jubeleumsfest for SFF som i år var 10 år. Jostedal spel og dansarlag var med i konsert om kvelden og sytte for god dansemusikk. For dette fekk laget overrakt blommar av leiaren i SFF.

Kappleikar og andre turar.

6.april var det juniorfeletreff i Naustdal. Laget sende felegruppa til Einar Ese.

Fylkeskappleiken var på Sandane 12.-14.april. Det var leigd buss og me hadde felles overnatting. Laget gjorde det svært godt i tevlingane, særleg utmerka juniordansarane seg med tredobbel seier i C-klassen. Men laget fekk og klassesiger i lagspelm/komp og i lagdans junior. Arve Røneid og Elle's som er medlemmar i laget vann og sine klassar.

Vestlanskappleiken i Sogndal.
Deltakinga var stor frå laget. Morten Vigdal tok også i å 1.premien i C-klassen.

Landskappleiken på Voss

Laget hadde representantar med, men dei hevda seg ikkje heilt i toppen denne gongen.

Landsfestivalen i Gamaldansmusikk på Vågåmo.

Medl. frå laget deltok i tevling i toradar og for gamaldansgrupper.

I august var det avslutning av prosjektet "Dans lokalt over alt" på Øyer i Gudbrandsdalen. Heile juniordansegruppa reiste og me budde i OL-leiren på Tretten. Der var me med på "Danseutfor" i OL-løypa og me fekk smake på OL-grauten. I det heile ein flott tur med mange fine aktivitetar. Frå S. og Fj. var det berre Jostedal Spel og Dansarlag og Indre Sunnfjord Spelemannslag som deltok. Laget skipa til basar den 29. september og ein del av inntektene gjekk til denne turen.

Fredagsdansar.

Det var to fredagsdansar i år. På den fyrste spela felegruppa til Einar. Den 22. nov. var det annonsert swingkurs med Britt Totland, dette i samband med ein fredagsdans, men kurset vart avlyst p.g.a. sjukdom.

Elles har spelemannslaget og dansegruppene hatt ein del øvingar.

Kurs.

Det er i år helde to kurs for nybyrjarane på fele. Jon Oddvar Kandal frå Folkemusikkgruppa i S. og Fj. var instruktør på både kursa, som vart avvikla med eit kurs på våren og eit kurs rett før jul.

Reidun Hesjevoll har helde fram med nybyrjaropplæring på fele, som vart start opp på etterjulsvinteren.

Jomar Hesjevoll har vore instruktør for eit kurs på toradar som held på fram til ferien.

21.-26. juli var det "Sommarkurs i Folkemusikk" på Mo, arr. av S. og Fj. Folkemusikklag. Laget hadde her 4 deltakarar på fele. Mari, Ann-Kristin, Mona og Britt Elin. Nils Joar deltok på toradar.

I haust hadde Sogn Spel og Dansarlag kurs med Hauk Buen. Einar Ese, Reidun og Harald Hesjevoll var deltakarar der.

7.-9- feb. (1992) skipa laget til parhallingskurs i samfunnshuset. Hilde Bjørkum og Vidar Underseth var instruktørar og Einar Ese var spelemann. Oppslutnaden om dette kurset var bra. I samband med dette kurset vart det arr. bygdakveld laurdag, med underhaldning, servering og dans.

Innkjøp.

Laget søkte gjennom Norges Sang og Musikkråd om tilskot til kjøp av instrument frå dei sokalla "Rockemillionane". Laget fekk innvilga kr.10000.- og det vart kjøpt inn to små hardingfeler av Sverre Sandvik. Desse er no utlånt til nybyrjarar.

Gåver.

Laget gav kr. 500.- til computertomografen på Lærdal Sjukehus.

Til 10 års jubileet til S. og Fj. Folkemusikklag gav laget ei klubbe med innskrift. laga av Einar Blikra.

Laget har elles bet. lisens til Luster Nærradio.

Utsendingar til møter.

Harald Hesjevoll og Jarle Sperle rep. laget på S. og Fj. Folkemusikklag sitt årsmøte.

Dagrun og Harald Hesjevoll rep. laget på årsmøtet til Landslaget for spelemenn. Dagrun var og tilstades på eit kort seminar i samband med årsmøtet som gjekk på dans.

Harald Hesjevoll rep. laget på Formannsmøtet på Vestlandskappleiken.

Anna representasjon.

Kåre Fossøy set framleis i styret for SFF.

Einar Ese var leiar i valnemda for SFF.

Dagrun Hesjevoll er medlem i valnemdi for LFS.

Harald Hesjevoll var domar på Fylkeskappleiken på Sandane og på Landsfestivalen i Gamaldansmusikk på Vågåmo.

Asbjørg Ormberg var domar i song på Vestlandskappleiken.

Andre saker.

Folkedansen inn i skulen.

Sigrun og Lars Vigdal har no ein times danseundervisning for veka i skulen. Dette er eit resultat av arbeidet med prosjektet "Dans lokalt over alt" som var eit landsomfattende prosjekt for ungdom. LFS, NU og Rådet for folkemusikk og Folkedans sto bak prosjektet som var eit storstilla rekrutterings og utviklingsprosjekt for bygdedansopplæringa. Danseinstruksjonen i skulen og instruksjonen som Einar Ese har med felegruppa vert dekkja av Luster Komm. Musikkskule.

Reidun Hesjevoll var ein av dei 8 som fekk tildelt kr.5000.-i stipend frå Landslaget for Spelemenn for 1991. Det var 20 søkjarar på stipendet som vert lyst ut i Spelemannsbladet kvart år.

Sognefjorden Livstilveke.

Etter førespurnad frå Parken i Gaupne vart det i styret gjort vedtak om samarbeid om eit arr. under Livstilveka. Dagrund Hesjevoll fekk fullmakt til å arbeide med prosjektet og ho har saman med Einar Øvregard for Parken og Alf Henning Evjestad lagt til eit arr. som i hovudsak skal bestå av bestå av kursverksemd. Det er henta inn instruktørar som Hauk Buen, Agnes Buen Garnås og Jon Faukstad. Elles har ein og tinga Oddbjørn Ramstad, Vidar Underseth, Harald Hesjevoll og Arve Røneid. I tillegg til kurs, vert det konsertar og dansetilstelling i dalen og i Gaupne. Prosjektet er det einaste med folkemusikk i Livstilveka og vert kalla Nasjonal Folkemusikksamling i Luster. Det skal byggje på tradisjonane våre i folkemusikk og folkedans og ein vonar at dette vert vellukka for det er tanken at dette skal verta eit årvisst arrangement.

Oddbjørn Evjestad Harald Hesjevoll
Kjellin Elvekrak